

Stad og tid: Personalrom ungdomsskulen tysdag 25.11.25 kl 18:00

Deltakarar: Jakob Andre Sande(10. kl), Marte Hundvebakke (9. kl), Iselin Sunde (6. kl), Monica Vaulen (4. kl), Anne Marte Sofie Berglund Ellertsen (1. kl), Thomas Heggelund (8. kl), Karina Hugøy Fischer (3. kl) og Annette Dale Natås (rektor)

Fråfall: Ole Martin Eide (5. kl), Camilla Klakegg (2. kl), Trond Dvergsdal (7. Kl)

Referent: Karina Hugøy Fischer

Saker:

- **Orientering om søknadar til Sparebankstiftinga**
Det er søkt om midler til sykkelparkering og underlag klatrepark på skulen. Begge desse er innvilga med 20.000,- til kvart tiltak. Snakk om mogleheiten for at kommunen må bidra om nødvendig til underlag klatrepark med tanke på at dette er tryggleik for barna. Forslag om å søke midlar til uteområde ungdomsskulen. Ein vil også prøve og få malt klasseromma på ungdomsskulen ila skuleåret. Satser på felles dugnad for foreldre i forhold til malejobben. Marte sjekker opp midler til sjølve malinga.
- **Utviklingsplan/handlingsplan for skuleåret v/rektor**
Fokus på kompetanse og samhandling. Involvere elevane. No i høst har det vore fokus på inkluderande skulemiljø. Samarbeid med Naustdal, Viksdalen og Førde barneskule. Lærer av kvarandre, får utvikle seg og utvekslar erfaringer.
- **Kort info frå tilsyn; brann og basseng**
Det var funne eit par avvik frå branntilsynet, skal gjerast tiltak. Mykje er allerede i gang/ordna. Skulen manglar plan på bygget i forhold til om det oppstår brann – dette er kommunen som skal ordne. Mangelfull skilting på nokre rømningsveggar – dette er vaktmester allerede i gang med å henge opp. Det er også tilrådd fast rutine ved utleige og ny oppdatering av branninstruks. Dette arbeidet er i gang.
Rektor får automatisk telefon ved brannalarm på skulen, men har meldt frå om at det ikkje kjem telefon ved brannalarm i Skei storhall (som blir disponert av skulen i skuletida)– dette er no i orden. Skal også innførast brannøving for SFO. Bedt om kursing/øving i sløkking.
Bassenget vart rapportert å vere i god stand. Garderobeområdet kunne vore betre, men er godkjent. Blir innført litt strengare reglement ved bruk av basseng, bla. at det må vere minst to personar til stades når nokon brukar bassenget. Litt innramming på utleige ang. sikkerheit/reglar.
- **Planlegge felles foreldremøte til våren – tema**
Forslag om foredrag om skjermbruk og barn – skal sjekkast opp i pris og midlar til dette. I så fall vil ein inkludere barnehagen i dette også, viktig tema. KI/AI er også eit veldig aktuelt tema, kan kombinerast med tema om skjermbruk. Tidspunkt foreslått til etter påske, sein april/tidlig mai
- **Ymse**
Foredrag om mobbing spelt inn som tema til felles foreldremøte
Gangfelt frå Joker over til T'en – fartsgrensa må då ned til 50 for at det skal kunne vere gangfelt der. Blir sjekka opp sidan det er mange som brukar plassen, inkludert skulen og barnehagen